



REFERAT FRÅ SONEMØTE I SONE A, HALLINGDAL OG DAGALI

PÅ FJELLHEIM SAMFUNNSHUS I HOVET 23.SEPTEMBER 2021

Hovet bygdekvinnelag inviterte alle 9 laga i sone A til haustmøte 23.september kl.19:00. Tilsaman var me 28 bygdekvinner samla i samfunnshuset denne kvelden. Berre Nes og Hemsedal var ikkje representerte.

Det var lenge sidan me hadde vore so mange samla, so alle var i godt humør, takksame for at det no gikk an å møtast på tvers av bygd og dal.

Fjellheim samfunnshus var pynta til haust med t-lys og haustlauv på borda. Det kjendest godt å synge "Den glade vandrer kalles jeg" unisont. "Skarvebarna" underheldt med smakebitar frå musikalen "Annie", som dei skal setje opp på Kulturhuset på Ål i november. Både kostymer og skodespel/ song sat som eit skudd. Det var eit artig innslag. Hovet imponerte vidare med ein spikjitallerken og drikke, med kaffi og "Verdens beste", som nok også var "Verdens største"!

Soneleiaren informerte om saker som BBK arbeider med: På oppmoding frå årsmøtet arbeider styret med eit Årshjul der me prøver å konkretisere og lage ein meir målbar plan for arbeidet. Fyrste konkrete prosjektet på Årshjulet er Inspirasjonsdagen 30.10.21 på Lampeland Hotell. Eit tema på inspirasjonsdagen er IT- opplæring. Etter å ha lese evalueringsskjema fra sist Inspirasjonsdag, ser styret at det er stor interesse for kurs i å lage heimeside, bruke kommunikasjonsplattformer som Zoom. IT- kompetansen skal me styrke i alle lag utover i dei neste åra. Kvalitetssikring av bunaden for Nedre Buskerud er og eit prioritert område. Å sikre at dei som broderar og monterar bunaden har god nok kompetanse.

Det vart sagt litt om Noregs Bygdekvinnelag sin nye logo. Det er nok delte meiningar om han. Både fargar og sirkelsymbolet vart kommentert. I tillegg har det vore vanskeleg å få lasta han ned, slik at han kan brukast. Men det var nokre positive stemmer inniblant.

Det vart snakka litt om at sone A skal arrangere Årsmøte 2022. Me skal prøve om det er mogleg å arrangere det meir tilgjengeleg for alle. Thon Hotel Bjørneparken er derfor aktuelt. Soneleiaren vil setje i gang arbeidsgrupper etter kvart.

Det mest interessante punktet på dagsordenen var laga sin presentasjon av aktivitetar sidan siste sonemøte. Trass pandemi har alle vore aktive, kanskje endå meir kreative enn vanleg. Kort oppsummerte eg noko av det slik:

DAGALI- turar til Kulturminnetavler, seterdag, Tradisjonsmatskulen i samarbeid med 4H («Frå elgbog til elghakk»), baking, brev i alle postkasser i bygda med ei «Smil-sjokolade» og ein «klem», museumsdag med gudsteneste med servering av kaffi og kaker.

ÅL- 8.mars med filmen «Woman», Tradisjonsmatskulen med «Geit» som tema (samarbeid med Tune gård), flatbrødbaking, lage mat på FN- dagen 24.oktober, aktive på Fb og Instagram.

VOTNDALEN- Besøk på Torpo Gjestgård, dugnad Votnahall, julemiddag på kafé «Makalaus», serverte 250 tallerkener med vassgraut på Handelens dag.

LEVELD- stiller opp for Leveld Kunstnartun med lappar og kaffi, vatning på kirkegården, lesering, jubileumstur (75 år) til Rødberg- Uvdal med middag på Torsetlia.

TORPO- Besøk på Torpo Gjestgård, vandring elvelangs mot Sundre, årsmøte med kåseri av Hallgrim Ødegård om veverken Birgit Hagen, juleverksted m/ Leonore blomsterhandler, Ola- stugu på Torpo.

HOL- strikkekveld med tema «Dobbeltstriking», besøk av lokal grunder, konsert m/ Tove Bøygard, Tradisjonsmatskulen- kjeslakt og grønsaker (6 samlingar med 6.klasse), 4 samlingar med Kvinner Ut, Olsokfeiring, hautmarknad, gartner arbeid for kommuna, sommarfest m/ plantebytte, stølstur.

HOVET- Dugnad før 17.mai, «medlemspleie» på Geilo Mountain Lodge.

Under maten fekk medlemmane i oppgåve frå soneleiaren å tenkje over dette:

Kva meiner du om.....

ÅRSMØTE i Buskerud Bygdekvinnelag

a) Over 1 dag

- morgon og formiddag til årsmøtesaker. Sosialt samvær i lunsjen.

a) Over 2 dagar

- fyrste dag til sosialt samvær og festmiddag

- årsmøte med valg og årsmøtesaker

LODDBOKA

a) Samanheng med organisering av årsmøtet.

Loddboka er med på å dekke utgifter til årsmøtet.

Tilbakemeldinga var at det er viktig med årsmøte over 2 dagar. Soneleiar fekk klar beskjed om at loddboka er til stort bryderi. Laga vil heller betale seg ut av situasjonen.. Soneleiar vart spurt om kva for utgifter Buskerud Bygdekvinne lag har til årsmøtet. Leiarane i laga i sona skal få eit utdrag av regnskapet frå siste fysiske årsmøte for å klargjere samanhengen mellom loddbok og økonomi.

Det var loddsal til slutt. Fruktkorga denne kvelden gjekk til ein stolt soneleiar! Ein skulle nesten tru at det var planlagt.

Soneleiar Tonje Myre

Ref.05.10.21